



Jon Harald Kjærland og Jan Tvedt i det nye kjøkenet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bortimot 1.000 dugnadstimar er lagt ned for å gjera bedehuset i Uskedalen tenleg etter dei krav som stillast i dag og tenleg for den store oppgåva som eit bedehus har.

- Det siste er det klårt viktigaste, seier formann og nestformann i Uskedalen Indremisjon – Jon Harald Kjærland og Jan Tvedt. 1. april vart det halde dugnadsfest for å markera det store løftet som no er teke. Det er desse to og Tore Mathiesen som har drege lasset, men andre medlemmer har også gjort ein stor innsats. Opptil 10 har vore engasjert med dei største oppgåvene.

Uskedalen er ein historisk stad for indremisjonen: I pinshelga i 1864 skipa misjonsfolket Søndhordland, Hardanger og Voss Indremissions Fællesforening i løa til Hans Døssland, men bygda fekk ikkje bedehus før i 1933. 75-årsjubileet skal markerast i september.

Møta vart først halde rundt i private heimar og deretter på skulen. Lemen der var fast møteplass for dei mindre møta. Byggmeister for bedehuset var Johannes Wang og huset vart reist då Ivar Arnesen var formann.

Opp gjennom åra er det teke fleire løft for å halda bedehuset vedlike. I 1963 vart det reist eit toalett-tilbygg. Då var det også stor 100-årsmarkering og årsmøte i Samskipnaden. På 1960-talet vart det halde skule i bedehuset på grunn av plassmangel i skulen.

I 1976 var opprusting av kjøken og kjellarsal ferdig. Tidleg på 1980-talet vart vindauge skifta og isolert.

For tre år sidan vart planane om eit nytt løft aktuelt mellom anna på grunn av fukt i kjøkenet. Dessutan var det svært upraktisk med kjøken i kjellaren. Men først på prioritetslista sto ei opprusting av toalettavdelinga.

- Då vi gjorde noko oppe måtte vi også gjera noko nede, seier Kjærland og Tvedt. Ei utviding av huset vart vurdert men ville kosta rundt ein halv million og det var for mykje. Difor har dei løyst behova innanfor den gamle bygningskroppen.

Toalettanlegget tilfredsstillar no dagens krav og kjøkenet er flytta opp, alt til ein kostnad på knapt 200.000 kroner. Kalkylen var på 260.000, men dugnadsinnsatsen har vore stor. Berre med snikkararbeid er det lagt ned 800 timar. Det har ikkje vore nødvendig å opna eit lån på 100.000 som dei har fått tilsegn om i banken!

Toalettanlegget var ferdig i september og kjøkenet i mars. Dei har også fått nytt el-inntak og sikringsskap og nytt røropplegg.

Det stoppar imidlertid ikkje der - no ventar nye oppgåver. I løpet av dei neste to åra må fuktproblem og lekkasje i kjellaren stoppast..

- Det er viktig å få huset i best mogeleg stand slik at vi kan konsentrera oss maksimalt om det eigentlege oppdraget, som er å forkynna Guds ord, held Kjærland og Tvedt fram.

Uskedalen Bedehuset vert brukt til mange aktivitetar gjennom året og her er eit oversyn:

- Hobbyklubben, annankvar måndag, 25-30 born i alderen 10-14 år
- Konfirmasjonsundervisning
- Søndagsskulen, annankvar søndag, 10-15 born i alderen 4-10 år
- Småbarnstreff, annankvar onsdag, 15 born frå 1 til 6 år og foreldre
- Yngste/Unge Røyster, annankvar måndag, 6-12 born frå 3 til 9 år
- Fredagsforum, frå 4. klasse og oppover
- Mannsmøte, ein gong kvar månad, 5-10 vaksne i bibelstudiegruppe
- Bønemøter kvar tysdag
- Sundagsmøter, møteveker, einskildmøter, basarar, julefester, 17.maifest, haustfest, misjonsstemne, konfirmasjonsfest, gebursdagar m.m.

Av Ola Matti Mathisen



75-åringen Uskedalen Bedehus er no i god stand, konstaterar Jon Harald Kjærland og Jan Tvedt. (Foto: Ola Matti Mathisen)